



## Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Behandlende enhet:  
Region vest

Saksbehandler/telefon:  
Iren Helene Meisterplass /  
57655723

Vår referanse:  
16/9347-10


Deres referanse:

Vår dato:  
09.12.2016

### Høring – Omklassifisering av eksisterende E16 i samband med bygging av ny E16 på strekninga Slæn i Voss kommune til Hylland i Aurland kommune

Samtidig som reguleringsplan for E16 Nærøydalen låg ute til offentlig ettersyn vart det gjennomført ei eiga høring på framlegg til ny klassifisering av eksisterende veg, jf. Veglova. Dei råka kommunane Voss og Aurland vart bedt om å uttale seg i saka.

Statens vegvesen si tilråding i høringsbrevet var at eksisterende E16 vert omklassifisert frå europaveg til kommunal veg frå nytt kryss ved Slæn i Voss kommune til nytt kryss ved Hylland i Aurland kommune. Strekninga som får endra klasse er 9,8 km. lang. Såleis vil vegen knyte saman eksisterende kommunale vegar langs strekninga.



Kartet viser ny trase for E16 mellom Slæn og Hylland og eksisterende

E16 som skal omklassifiserast.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

### **Uttale frå Aurland kommune**

Aurland formannskap gjorde følgjande vedtak (Sak FS-046/16):

*«Aurland kommune går i mot at E16 på strekninga Slæn – Hylland vert nedklassifisert til kommunal veg i Aurland kommune i samband med bygging av ny E16 i området.*

*Vegstrekninga er særst utsatt for ras og vil ha funksjon som omkøyringsveg ved stengd tunnel på E16.*

*Aurland kommune finn det urimeleg å verte påført økonomisk byrde ved å overta ei vegstrekning som er sterkt rasutsett og som elles fører fram til nasjonale turistattraksjonar som t.d. Stalheimskleiva og Sivlefossen.»*

Sjå også vedlagde brev frå Aurland kommune datert 26.09.2016.

### **Uttale frå Voss kommune**

I brev frå Voss kommune datert 20.09.2016 står det:

I dag er den gamle Jordalsvegen stengd og ny Jordalsveg har avkøyring frå E16 i Aurland kommune. Vidare ligg det tre private vegar som har avkøyring til E16 nedom Stalheimskleiva i Voss kommune. Voss kommune har ein parsell frå Slæn til Stalheimsvegen (vel 1 km. øvst i traseen) som evt. vil vera naudsynt for å binde saman det kommunale vegnettet medan resten av eksisterande E16 ikkje har samband med kommunalt vegnett i Voss.

Voss kommune vil ikkje overta den omtalte vegstrekkinga med tunnelane og det rasfarelege mellompartiet. Vi har, dersom det skulle bli ein realitet, berre behov for den øvre delen av parsellen frå kryss Slæn til kryss Stalheimsvegen, eit strekk på vel 1 km. Voss kommune vil ikkje har mogelegheit, verken økonomisk eller praktisk, til å halde oppe tunnelane med det rasutsette mellompartiet. Skulle resultatet verte at kommunen må overta vegen, vil vi måtte stenge og plombere tunnelane og deler av vegstrekka.

Vegen er i høve argumentasjonen i høyringsbrevet viktig i beredskapssamanheng som omkøyringsveg for den nye foreslåtte tunnelen. Området mellom Sivleøyane og Hylland er svært rasutsett. I tillegg kjem det faktum at den gamle, historiske Stalheimskleiva med Sivlefossen, som i dag er open for ferdsle sommarhalvåret, har tilkomst via dette vegnettet.

Voss kommune er av den klare oppfatninga at det ikkje er rett å overføre ansvaret for dagens E16 til kommunane når ny E16 i tunnel vert ein realitet på strekkinga Slæn – Hylland. Kommunen har heller ikkje økonomi til å ta dette ansvaret.

Sjå også vedlagde brev frå Voss kommune datert 20.09.2016.

### **Høyring av omklassifisering av eksisterande E16 hjå fylkeskommunane**

Vedlagt er høyringsbrev frå Statens vegvesen datert 28.06.2016 som drøftar bakgrunn for Statens vegvesen si tilråding og tilrår at eksisterande veg vert klassifisert ned til kommunal veg.

På bakgrunn av Statens vegvesen si vurdering av kva som bør verte ny status på eksisterande E16 og avgrensa høyring og innspel frå dei råka kommunane, ber vi om at Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar uttalar seg i saka.

**Vi ber om innspel frå fylkeskommunane innan 20.januar 2016.**

Ressursavdelinga  
Med hilsen

Ellen Slinde  
Seksjonsleiar

Meisterplass Iren Helene

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Likelydende brev sendt til  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER